



© Jørgen Henden

KOMMUNALE FORVALTNINGSMÅL FOR HJORT I VEFSN 2025-2028

Jørgen Henden, rådgjevar Norsk Hjortesenter



BAKGRUNN

- Vefsn har hatt hjort i ganske mange år, men har enno relativt låg tettleik.
- Hjortebestanden er i vekst, både geografisk og i tettleik.
- Ein er no på eit nivå kor ein vel å opne for jakt i heile kommunen for å:
 - Være tidleg på ballen med ei heilskapleg forvaltning.
 - Skaffe kunnskapsgrunnlaget om hjorten i Vefsn for framtidig forvaltning.
- Hjorteviltforskrifta fastset at kommunen skal vedta mål for utviklinga av hjorteviltbestandane i kommunen – derfor eit kommunalt måldokument!




Forskrift om forvaltning av hjortevilt

STATUS FOR HJORTEBESTANDEN I VEFSN

Lite data tilgjengeleg i hjorteviltregisteret


Det er sannsynleg at ein i stor grad forvaltar same bestand i Grane og Vefsn.

Vi har difor brukt data frå både Grane og Vefsn for å få størst mogleg datagrunnlag.



Figur 1. Tal felte hjort i Vefsn og Grane kommunar i åra 2003-2024, totalt og fordelt på kjønn.


FELLINGSSTATISTIKK



Figur 2. Prosentvis fordeling av jaktuttaket i Vefsn og Grane kommunar på fem kjønns- og alderskategoriar for åra 2015-2024.


FELLINGSSTATISTIKK

SETT HJORT



Figur 3. Indeksar for bestandsstorleik (sett hjort per jegerdag), kjønnsstruktur i den vaksne bestanden og aldersstruktur for hanndyr i Vefsn og Grane kommunar i åra 2008-2024. Vertikalaksen til venstre er for sett hjort per jegerdag og sett kolle per bukk, medan vertikalaksen til høgre er for sett spissbukk per bukk.

SETT HJORT



Figur 4. Prosentvis skotne av sette hjort fordelt på bukk, kalle og kalv i Vefsn og Grane i åra 2004-2024.

BESTANDSUTVIKLING FOR HJORTEN I NOREG

- **Eksplasjon i bestandstettleik** siste 50 år – konsentrert på Vestlandet
- Resultatet av «**fjøsforvaltning**»:

Spar koller, skyt bukkar, få opp produksjonen!
- **Bestandsovervåkingsprogrammet for hjortevilt** (BOP) har sidan 1991 samla data frå overvåkingsområder spreidt i Sør-Noreg.






Foto: Johan Trygve Solheim




Figur 5. Tal hjort felt pr. km² tellande areal i region Vestland nord (1999-2021; blå linje). Areal og fellingstal er frå kommunane som var del av overvåkingsregionen i 2021. Gul og grå linje er gjennomsnittleg tal hjort sett og felt pr. jegerdag i overvåkingskommunane i perioda 2003-2021. Verdiar for felt hjort pr. jegerdag er multiplisert med 10.

OVERVAKINGSREGION VESTLAND NORD




OVERVAKINGSREGION VESTLAND NORD

Figur 6. Gjennomsnittleg tal bukk felt pr. kolle (1999-2021; rosa) og tal kolle sett pr. bukk (2004-2021; brun) i overvakingskommunane i region Vestland nord. Begge indeksar omfattar dyr som er eit år og eldre.



Figur 7. Årleg gjennomsnittsalder ($\pm$ 95 % CI) for felte koller og bukkar to år og eldre i overvåkingsregion Vestland nord. Data i perioden 1992- 2021.


OVERVAKINGSREGION VESTLAND NORD



Figur 8. Gjennomsnittleg årleg slaktevekt ($\pm 95\%$ CI) for kalvar og eittåringar i overvåkingsregion Vestland nord. Data frå perioden 1992-2021. Alle vektorer er datokorrigert til 1. Oktober.


OVERVAKINGSREGION
VESTLAND NORD

OVERVAKINGSREGION VESTFOLD OG TELEMARK




Figur 9. Tal hjort felt pr. km² teljande areal i overvaksingsregion Vestfold og Telemark i perioden 2012-2021 (blå linje). Det teljande arealet er basert på tal frå 2021. Gul og grå linje er gjennomsnittleg tal hjort sett og felt pr. jegerdag i dei fem overvaksingskommunane i same periode. Felt hjort-verdiane er multiplisert med 10.

OVERVAKINGSREGION VESTFOLD OG TELEMARK





Figur 10. Gjennomsnittleg tal bukk felt pr. kolle (rosa) og tal kolle sett pr. bukk (brun) i overvåkingskommunane i region Vestfold og Telemark i perioden 2012-2021. Begge indeksane omfattar dyr som er eitt år og eldre.

OVERVAKINGSREGION VESTFOLD OG TELEMARK



Figur 11. Årleg gjennomsnittsalder ($\pm 95\%$ CI) for felte koller og bukkar to år og eldre i overvaksingsregion Vestfold og Telemark. Data frå perioden 2012-2021.

OVERVAKINGSREGION VESTFOLD OG TELEMARK



Figur 12. Gjennomsnittlig årleg slaktevekt ($\pm 95\%$ CI) for kalvar og eittåringar i overvaksingsregion Vestfold og Telemark. Data frå perioden 2012-2021. Alle vektorer er datokorrigert til 1. oktober.



TYPISK UTVIKLING I NYE HJORTEOMRÅDER

- Fleire indikatorar peikar på at ein i overvaksingsregion Vestfold og Telemark er i byrjinga av ei liknande utvikling som ein har hatt i Vestland nord.
- I stor grad grunna overbeskatning av hanndyr, og då særleg vaksne bukkar.
- Alle indikatorar for Vefsn og Grane peikar den same vegen.
- **feil som er gjort kan fortsatt rettast opp i!**

KORLEIS KAN EIN HINDRE AT HISTORIA GJENTAR SEG?

- Jakttrykket må leggjast på dyr som naturleg har høgare dødelegheit grunna predasjon:
 - Kalv og ungdyr
 - Sjuke og gamle
 - Små eller på annan måte reduserte
- Overvekt av hodyr i uttaket framover for å rette på den skeive kjønnsbalansen.



HOVUDMÅL FOR HJORTEFORVALTNINGA I VEFSN

Hjorten er ein relativt ny art i Vefsn kommune. Tettleiken i kommunen sett over eitt er enno låg, men bestanden er i vekst, og det er å forvente at hjorten vert vanlegare og vanlegare i området. Dette vil også vere ei følgje av eit varmare klima i tiåra som kjem. Ein er enno i eit tidleg stadium, og forvaltninga skal utøvast på ein slik måte at ein unngår den negative utviklinga ein har hatt i tradisjonelle hjorteområder, gjennom at ein sikrar ein sunn hjortebestand, med balansert kjønnsamansetning og snittalder, og god kondisjon på dyra. Fokuset skal være på kvalitet i den ståande bestanden. Samtidig skal ein legge opp til ein bestand som toler langsiktig hausting av hjorten som den ressursen han er i høve næring, opplevingar og kjøtproduksjon. Dette utan at ein oppnår uakseptable nivå av påkøyrslar og beiteskadar på skog og innmark.

DELMÅL

Sikre høgare del bukk i bestanden

- forholdstalet sett kolle per bukk skal minimum reduserast til **1,5**

Sikre høgare snittalder

- Kalv og ungdyr skal utgjere minimum **65%** av det samla jaktuttaket.

Skafe datagrunnlag for framtidig hjorteforvaltning i Vefsn

- **100%** rapportering av sett hjort, og innlevering av alle underkjevar frå felte hjort til kommunen

DELMÅL

Ha akseptabelt lågt skadenivå på skog og innmark

- samt ha klart avbøtande tiltak for dei som opplever avlingstap lik 15% eller større på innmark

Holde eit lågt nivå av viltpåkøyrslar

- Terskelverdiar bør settast ved seinare anledning, og etter kvart som hjortetettleiken eventuelt aukar og ein kan forvente fleire påkøyrslar

TILTAK FOR Å NÅ MÅLA

- Inkludere hjort i bestandsplanane/skrive egne planar for hjorten
 - Kjeveinnsamling
 - Førning av sett hjort etter ny metodikk
 - (Vårteljing med termisk utstyr i utvalde områder)
 - Tilpassing av avskytinga etter avskytingsplanen gjennom sesongen
-






ANBEFALINGAR TIL BESTANDSPLANANE

- Fordeling i avskytingsplanen:
 - **Minst** 35% kalv
 - **Minst** 70% kalv og ungdyr samla
 - **Maks** 20% vaksne hodyr
 - **Maks** 10% vaksne hanndyr
- Overvekt av hodyr i uttaket framover

DET VIKTIGASTE I DENNE FASEN ER

- Legge til rette for ein **sunn bestand** med best mogleg føresetnader for dei økologiske prosessane som hjorten er ein del av
- Skaffe **datagrunnlaget** for framtidig forvaltning i Vefsn



SPØRSMÅL?



(c) Johan Trygve Solheim 2023